Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Bente Cecilie Foss, 5557 2233

Vår dato
05.03.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/12502 622
Dykkar referanse

Likelydande brev til:
Alle barnevernsinstitusjonar i Hordaland

Når barn på barneverninstitusjon kjem i kontakt med politi

I nokre tilfelle ber barnevernsinstitusjonar politiet om hjelp. Fleire av barna vi har snakka med på tilsyn seier at dei har opplevd dette inngripande og skremmande.

Politi kan unntaksvis tilkallast for å handtere ein situasjon som har tilspissa seg, men institusjonen kan ikkje bruke politi til å løyse institusjonens eigne oppgåver.

For at vi skal kunne utføra våre tilsynsoppgåver, ynskjer vi at de orienterer oss når barn på institusjonen har våre i kontakt med politiet.

På kva måte institusjonen skal dokumentere hendingar der barn har hatt kontakt med politi, kjem an på situasjonen. Dersom det vert utøvd tvang i medhald av heimlane i rettigheitsforskrifta skal det gå fram av protokollen om politiet har vore involvert, jamfør rettigheitsforskrifta §§ 14 og 20. I andre høve ber vi om at institusjonane fyller ut vedlagt skjema og fortløpande sender desse til oss.

For referansar og utfyllande informasjon viser vi til vår nettside:
https://www.fylkesmannen.no/nb/Hordaland/Barn-og-foreldre/Barnevern/Bruk-av-politi-i-barnevernsinstitusjon/ (Her finn de òg digital versjon av vedlagt skjema).

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Cecilie Foss
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Barne- ungdoms og familieetaten, region vest Postboks 2233 3103 TØNSBERG